

# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 6

SEPTEMBER 1982

15. ÅRG.

## NÅR DET UMULIGE BLIR MULIG


Et rettferdig menneskes bønn er virksom og utretter mye Jak 5.16.

Elia var eit slikt menneske! Da han bad om at det ikke måtte regne over landet, falt det ikke regn på tre år og seks måneder. Så bad han på ny, og da gav himmelen regn, og jorden bar igjen sin grøde. Elia bad... og det skjedde!

Det skjedde ikke fordi han var så mye annerledes enn oss. Vi leser at han var under samme kår som vi, under de samme løfteskår. Likefullt har vi mye å lære av Elias bønn: «Herre, Abrahams, Isaks og Israels Gud! La det i dag bli kjent at du er Gud i Israel, at jeg er din tjener, og at det er på ditt ord jeg har gjort alt dette. Svar meg, Herre! Svar meg, så dette folket kan skjonne at du, Herre er Gud, og at du vender deres hjerte til deg igjen». Da for Herrens ild ned og fortærte både offeret og veden, steinene og jorden, og sliket opp vannet som var i grøften.

Framh. s.2.

Godtfred Haugland frå  
Ytre Arna ordinert



22.juni vart Godtfred Haugland ordinert til prest. Det var i Fjell kyrkje saman med ein annan teologisk kandidat.

Ordinasjonen var ved biskop Thor With.

Godtfred Haugland er frå Ytre Ar-

Framh. s.6.

PROGRAM FOR KYRKJELYDSSKULEN

Framh. Nå det umulige....

Elia bau... og det skjedde! - fordi han bad i Herrens navn. Elia bad ikke for å oppnå fordeler selv. Nei, han bad: Herre! Svar meg, så dette folket kan skjønne at du, Herre, er Gud. Det var Israels-folkets sine medmenneskers skjebne, Elia var bekymret for.

Bønnen kan ikke erstattes av noe annet arbeid i Guds rike. Vi har dessverre en tendens til å prioritere galt. I perioder hvor vi har svært mye å gjøre, reduserer mange av oss tiden til bønn. Vi reduserer noe som allerede på forhånd kanskje er i knappeste laget. Denne tankegangen ligger oss alle i blodet: Får vi mer å gjøre, reduserer vi på andre områder.... og det skjer som oftest på bønnens bekostning. Og Satan sørger for å backe oss opp. Vi har i han en trofast støttespiller.

Vi må bli bevisst at det viktigste arbeid vi har, utføres på kne, alle med Gud, borte fra verdens larm og... ikke minst borte fra menneskenes beundring. Bønnen er viktig fordi den er forutsetningen for alt annet arbeid vi utfører i Guds rike. Hvis ikke bønnen går forut for og følger det øvrige arbeid, blir dette ikke annet enn menneskeverk - utført med mer eller mindre dyktighet, og mer eller mindre slit og mas!

Bønnen gir oss inngang til de himmelske krefter, vi trenger ikke å stå maktesløse og ensomme. Det er viktig at vi tar i bruk de krefter som gir tørke eller regn, flytter fjell i vårt eget og i andres liv, og som vekker de sovende og oppreiser de døde. I bønnen blir vi tilkoblet de krefter som gjør det umulige mulig. Tenk på Elia: Han bad... og det skjedde! Vi kan be... og det vil skje!

Godtfred Haugland

2

## Vanskelege tider for kristne i Bangladesh

Det kan sjå ut som det går mot vanskelegare tider for dei kristne i Bangladesh, skriv Kirsten og Ottar Hope i ei helsing til prestekontoret. Ein har fått nye folk i styre og stell og dei har m.a. kasta auga på misjon og den kristne aktivitet som blir utøvd. Dette har vel sin foranledning i at det etterkvart er blitt meir evangelisering mellom muslimar, og også nokre er blitt kristne.

Det fører til at misjonsarbeidet vert granska og nye visum vert ikke gjeve i den tida.

Dei kristne i landet er svært urolege, og misjonærane og leiarane for dei nasjonale kristne har vore samla for å drøfta situasjonen. Sundag 11.7. hadde alle kristne i landet ein dag til faste og bøn for situasjonen.

Enkelte kristne møter hard motstand i sitt nærmiljø. Skal misjonærane måtta forlata landet, er det vel og ei svak og fattig kyrkje som blir forlatt.

«Me er trygge, har ingen ytre nød. Det er jo Gud som har det siste ordet i denne saka også, og me skal få vera med å lyfta bedande hender», skriv Kirsten og Ottar Hope til slutt i helsinga.

Dei er flytta til misjonsfeltet etter språkstudiet og Ottar har teke til med arbeidet i helseprosjektet. Adressa deira er, om nokon vil senda ei helsing: Mission House, p.o. Kajaldhara, Dist. Sylhet, Bangladesh.

## Start for Søndagsskulen

Søndagsskulen tek no til att etter ferien. I Arna er det søndagsskule desse stadene:

Ytre Arna,	bedehuset kl. 10.30
Haugland,	bedehuset kl. 11.00
Indre Arna,	bedehuset kl. 10.00
Arna kyrkje/	Borgstova kl. 11.00
Ådnemarka,	Stølsvegen 94 kl. 10.30
Liatun,	Stølsvegen 98 kl. 9.45 og 10.30
Hauge,	«Betania», Lone kl. 10.45
Haukeland,	

Unneland,  
Fjellgardane,

Bjørndalen g. skule kl. 10.30  
Seimsmark,

Garnes barneskule kl. 10.00  
Tunes, bedehuset kl. 11.00

Takvam, kapellet kl. 12.15  
Romslo, skulehuset kl. 10.30

Trengereid,  
bedehuset kl. 11.00

Dei fleste stadene er det søndagsskule kvar søndag, men einskilde stader er det annakvar.

**VELKOMMEN MED BARNET TIL SØNDAGSSKULEN!**

## SOS FRÅ ARNA TEN SING

Omlag 50 unge i Arna TenSing er utan vaksen leiar og dirigent. Vil lar med dette utfordringa gå ut til folk i kyrkjelyden for å sjå om det er nokon som kan gå inn i dette arbeidet. Det er heilt avgjerande for arbeidet i TenSing at dei får den hjelpe og støtte dei treng til å drive dette arbeidet.

Når det gjeld vaksen leiar, kan det vere naturleg at det er eit partre personar som deler på den oppgåva.

Dersom du kan tenkje deg å gå inn i dette arbeidet, så ta kontakt med Øyvind Øy eller formannen i Arna sokneråd, Marit Gilje.

## KIRKENS SOS I BERGEN

På telefon 233080 kan ein kvar kveld og natt frå kl. 19.00 - 07.00 finna nokon å snakka med. Ein kan ringja dit utan å oppgje namn.

3

# Familieside

## DØYPTE

### Arna sokn:

20/5: Ann Kristin Sperrevik, Adelinn Vambheim Thunestvedt, Haakon Hasselgren Eilertsen.  
23/5: Tore Haukaas, Lene Hansen.  
30/5: Camilla Sivertsen, Laila Renate Grinde Lygre, Kristian Eide, Øystein Helle, døypt i Takvam Kapell.  
6/6: Kjerstin Ursin, Rune Johannes Stølsås, Siv Nesse, Bengt Hugo Bøgevik Jørgensen, døypt i Os.  
13/6: Øystein Hjelmen. Døypt i Birkeland Kirke.  
20/6: Jørgen Glatved Lavik, Cato Askeland, Tommy Tunestveit.  
27/6: Alfred Brynjar Natland Næss, Erlend Hausvik, Gunnar Follesø, Kristin Blomkvist.  
11/7: Siv Iren Fadnes. Døypt i Veitastrond Kapell.  
11/7: Jan Vidar Claussen, Kristian Fanavoll Tvedt.  
18/7: Iselin Reknes. Døypt i Ytre Arna.

### Ytre Arna sokn:

20/6: Frode Helgås, Kari Jensen Bremertun, Martin Strømmen.  
27/6: Erik Andreassen.  
4/7: Ragnhild Reigstad.  
11/7: Terje Haarstad, døypt i Arna.  
14/7: Jimmy Walther Bergetun.  
18/7: Martin Evensen og Katrine Flatas.  
25/7: Marte Høvik Hammersland, døypt i Arna.

## VIGDE

### Arna sokn:

29/5: Runde Andersen og Åse Øyjord.  
5/6: Knut Sverre Berg og Turid Dahl.  
29/5: Sjur Hopland og Kari Henriksen. Vigde i Hamre Kyrkje.  
29/5: Jan Ove Iversen og Magnhild Grimstad. Vigde i Voss Kyrkje.  
12/6: Sigmund Arve Faugstad og Åse Hartveit.  
19/6: Øyvind Misje og Ruth Johanne Bjordal.  
26/6: Brynjuv Kolltveit og Hildegunn Hartveit.  
26/6: Villy Rolland og Henny Hana.  
3/7: Vilfred Leiren og Kirsti Brattåker.  
3/7: Rolf Leiren og Hanne Rasch.  
24/7: Aksel Westerås og Sissel Folland.

### Ytre Arna sokn:

29/5: Terje Evensen og Reidun Husum, vigde i Leikanger.  
12/6: Karstein Larsen og Anne Ytrearne.  
19/6: Kjartan Kvamme og Wenche Irene Rolland, vigde i Vike kapell.  
3/7: Ronny Bø og Ingrid Nystad.


## DØDE

### Arna Sokn:


12/5: Brita Kristina Bratland f. 1888.  
22/5: Nils Andreas Gjerde f. 1924.  
22/5: Lars Bauer f. 1902.

Framhald side 5

TA UT MIDTSIDENE



## PROGRAM FOR HAUSTEN 1982




Arna Kyrkjelydsskule

— ein skule for dei som vil  
læra meir om kristen tru.

Kurs om

# Tru og tvil og kristenliv



Kurset skal gå over 4 torsdagskveldar, og me vil ta opp tema omkring  
— det å vera religiøs og det å vera kristen,  
— Å SEIA JA TIL Gud, men ha vanskeleg for å finna seg til rette i kyrkja og det kristne fellesskapet,  
— kva som gjev livet meining, — om eit liv i tilgjeving, om Gud som ordnar opp i fortida vår og gjer oss trygge med tanke på framtida,  
— det å vera menneske framfor Gud.

Det vert innleiing om eit tema kvar kveld, og samtale i grupper og i plenum.

Det vert også enkel servering.

Harald Sundsbø og Trygve Helge Kleppestø vert med og innleiar til samtale. **Kurskveldar:** 28. oktober, 11., 18. og 25. november.

**Tid:** Kl. 19.00 — 21.30.

**Stad:** Kyrkjelydshuset, Ytre Arna.


**Kursavgift:** 60 kr.

**Påmelding:** Innan tysdag 5. oktober.

Send/ring inn påmelding til: **Arna kyrkjekontor**, 5260 Indre Arna (Borgstova), tlf. 24 04 00 / 24 02 15.  
eller: **Ytre Arna kyrkjekontor**, Peter Jebsensv. 39, 5265 Ytre Arna (Kyrkjelydshuset), tlf. 24 23 03.

Kurs for

# Konfirmant foreldre



## HAR DE EIN KONFIRMANT I HUSET?

Kyrkjelydsskulen inviterer konfirmantforeldre til kurs med Steinar Ihle og Magne Raundalen!

Gutar og jenter har i konfirmasjonsalderen ofte sin eigen måte å tenkja og handla på, og som foreldre undrast vi over veremåten deira.

**Magne Raundalen** (26. okt.) vil ta opp spørsmål omkring ungdomskulturen og vaksenkulturen, for å hjelpe oss å forstå dei unge betre. I konfirmasjonstida vil også spørsmål om tvil og tru bli aktualisert hos konfirmanten, og kanskje også hos foreldre?

**Steinar Ihle** (19. okt. og 23. nov.) vil ta opp ein del tankar omkring emna:

- Kva vil det seia å vera kristen? og
- Kvifor akkurat Jesus?

Andre tenåringsforeldre er også velkomne til å delta på kurset, om det vert plass.

**Kurskveldar:** 19. og 26. oktober, 9. og 23. november.

**Tid:** Kl. 18.45 — 21.00.

**Stad:** Ådnamarka skule.

**Kursavgift:** 60 kr.

**Påmelding:** Innan tysdag 5. oktober.

.....KLYPP .....

Eg melder meg med dette på

- kurset TRU OG TVIL OG KRISTENLIV
- KURS FOR KONFIRMANTFORELDRE

Namn: .....

Adresse: ..... Telefon: .....

# Det er aldri for seint å læra!


Du er velkommen til å setja deg på skulebenken igjen på vaksenopplæringskurs ved Arna Kyrkjelydsskule.

Med skulen ynskjer kyrkja å gi sitt svar på ein trong vi veit er til stades hos mange, nemleg tronen etter meir kristen kunnskap.

Arna Kyrkjelydsskule er ein skule ikkje berre for «kyrkjefolk», men ein skule for alle dei som vil læra meir om kristen tru. Skulen er eit tilbod til alle som er over 14 år — kor dei enn høyrer heime i Arna prestegjeld.

På kurskveldane vil det i tillegg til undervisning bli lagt vekt på samtale og fellesskap — der blir og kaffi/te-pause.

MED HELSING  
ARNA KYRKJELYDSSKULE



## For påmelding kan du og ringja til ein av styremedlemmene:

Målfrid Sandvik . Tlf. 24 23 10

Eli Mohn ..... Tlf. 24 10 58

Eirik Fjørtoft .... Tlf. 24 03 54

Ove Skjoldal .... Tlf. 24 18 23

Kristin Sundsbø . Tlf. 24 13 25

Presten  
har  
ordet

Harald Sundsbø



## Kontorassistent ved Ytre Arna kyrkjekontor

Som kjent har ein fått midlar til kontortjeneste ved kyrkjekontoret.

Soknerådet har tilsett Aud Else Vesetvik som kontorassistent i 10 timer i veka. Ho er frå Ytre Arna og kjenner arbeidet i kyrkjelyden godt, m.a. som tidlegare soknerrådsmedlem. Ho vil få ansvaret for all kyrkjebokføring, attestering o.l.



Aud Else  
Vesetvik

24 23 03

Dette er telefonnummeret til det nye kyrkjekontoret i Ytre Arna. Kontoret er i Kyrkjelydshuset, Peter Jebsensv. 39, rett bakk kyrkja. Der har ein fått i stand eit tenleg kontor både for kyrkjelyden, presten og dei andre tilsette i kyrkjelyden. Det ligg meir sentralt i Ytre Arna, og sidan vi no også har fått kontorhjelp, vart det for liten plass i prestebustaden.

Kontoret er teke i bruk, og dit kan ein venda seg med spørsmål om attestar, melding av dåp o.s.v. Der vil ein og kunna gje meldingar til andre tilsette i kyrkjelyden og til soknerådet.

Vi trur flyttinga av kontoret kan vera tenleg for folk i Ytre Arna og for arbeidet i kyrkjelyden. Og vi ynskjer velkommen innom. Det vil og seia at det ikkje er prestekontor i Gamlevegen 8 lengre. Kyrkjebøker og arkiv er flytta til Kyrkjelydshuset, og ein må difor venda seg dit for å få attestar o.l.

Kontortidene er:  
tysdag 1700 - 1800  
onsdag 1000 - 1130  
fredag 1000 - 1130

## Fam.side....

26/5: Per Holmaas f. 1931.

26/5: Leonhard Nilsen f. 1901.

27/5: Askild Brunborg f. 1909.

4/6: Magnus Songstad f. 1919.

20/6: Ole Gatland f. 1908.

21/6: Olina N. Borge f. 1903.

7/7: Terje Børdal f. 1941.

## Ytre Arna Sogn:

12/6: Birger Kalvik f. 1909.

14/6: Maria Finne f. 1899.

21/6: Jon Gjerstad f. 1915.

24/6: Thorvald Martin Hansen f. 1932.

25/6: Bertha Faugstad f. 1902.

3/7: Odd Einar Midtun f. 1943.

Fra s. 1.

na. Han har teke utdanninga ved Menighetsfakultetet. Der starta han som student hausten 1974 og avslutta med praktikum no i vår. Før praktikum var han feltprest eit år.

I skuletida her i Arna var han aktivt med i det kristelege skulelaget ved Arna gymnas. I studietida har han i Oslo m.a. vore med i Norsk Sundagsskuleforbund. Der skal han framleis ha sitt arbeid: han tek no til som kretssekretær i Oslo og Akershus krets av Norsk Sundagsskule forbund.

Vi i kyrkjelyden ynskjer tillukke med ordinasjonen og Guds signing i tenesta som prest.

## Arna har fått ny eittåring!

I fjor hadde vi for første gong eittåring i Arna kyrkjelyd. Det var ei glede då vi fekk melding frå Ungdomsforbundet at vi var tildelt eittåring.

Eittåringen dette året heiter **Evy Bjerga**. Ho kjem frå Hinna kyrkjelyd i Stavanger og har vore med i barne- og ungdomsarbeidet der tidlegare.

Ein eittåring er ein ungdom som er villig til å arbeide eitt år i ein kyrkjelyd. Ho får dekka utgifter til hus og mat og får ein del lommepengar, men det er ikkje løna arbeid. Eittåringen kjem også dette året til å arbeide spesielt mellom born og unge.

## Klokketårn på Mjeldheim

Klokketårnet på gravplassen på Mjeldheim er no på plass. Klokken vert brukt når ein ber båra til grava. Etter siste salmen på gravplassen ringjer ein også ei lita stund med klokkene.

## Ofringane i kyrkjelydane

### ARNA:

30/5: Nordhordland Indremisjon	2.373
6/6: Kristenrussens misj.prosjekt	1.558
20/6: Solidaritet med Polen	1.857
4/7: Norsk Kr. Muslimmisjon	1.282
18/7: Norges Samemisjon	696

### YTRE ARNA:

30/5: Nordhordland Indremisjon	703
6/6: Diakoniutvalget i Arna	291
18/6: Kristenrussens misjonsprosjekt	730
20/6: Menighetsseminaret	755
4/7: Norsk Kristen Muslimmisjon	750
18/7: Norges Samemisjon	627

## Kor i Ytre Arna

### Ytre Arna barnekor

Første øving etter ferien vert tysdag 7. september kl. 16.00 i kyrkja. Nye medlemmer er velkomne. Alder: ca. 9 år og oppover.

### Ytre Arna kyrkjekor

Første øving etter ferien vert tysdag 7. september kl. 19.00 i kyrkja. Nye medlemmer er velkomne.

Solstrands Blomsterforretning  
Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50  
  
Solstrand Begravelsesbyrå  
Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50  
Alltid til tjeneste

**VESTLANDSBANKEN**  
Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.  
**VESTLANDSBANKEN,**  
avd. Arna

## ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09  
Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi

## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08  
Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløffer. Monumenter besørges oppsatt.



Aut. bilverksted  
Aut. dekk-forhandler

## ARNA SPAREBANK

Indre Arna - Espeland - Ytre Arna

Banken i Arna frå 1866  
Banken der du bur

— til bygdefolket sitt  
beste gjennom 115 år.

GODE TILBUD  
PÅ DEKK OG  
REKVISITA!

GOD SERVICE —  
RIMELIGE PRISER —  
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår  
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter  
J.B. Myklestad  
5260 Indre Arna  
Tlf. 24 07 40



# *Velkommen til kyrkje*



**29.AUG.**

Arna kl.11.00 Res.kap. Sundsbø. Nattverd.

**5.SEPT.**

Arna kl.11.00 Sokneprest Øy. Konfirmantpresentasjon. Offer til kykjelydsarbeidet. Sundagsskule.

Ytre Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø. Konfirmantpres. Offer til kyrkjelydsarb.

**12.SEPT.**

Arna kl.11.00 Res.kap. Sundsbø. Konfirmantpres. Offer til kyrkjelydsarb. Sundagsskule.

Arna kl. 19.00 Ungdomsgudsteneste. Konfirmantpres. Offer til kykjelydsarb.

Ytre Arna kl.11.00 Krinssek. Eivind Hetlevik. Nattverd. Offer til Norges Kristelige Ungdomsforbund.

Trengereid kl.11.00 Sokneprest Øy. Konfirmantpres. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**19.SEPT.**

Arna kl.11.00 Pastor Asgeir Straume. Nattverd. Offer til Santalmisjonen. Sundagsskule.

**26.SEPT.**

Arna kl.11.00 Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til Det Hvite Bånd. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.

Ytre Arna kl.11.00 Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til Det Hvite Bånd.

Unneland kl.16.30 Familiegudsteneste ved sokneprest Øy.

**3.OKT.**

Arna kl.11.00 Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. Søndagsskuledagen. Offer til Bergen søndagsskulekrets.

Ytre Arna kl.11.00 Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Søndagsskuledagen. Offer til Arna søndagsskulelag.

## **ARNA PRESTEGJELD**

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

**Kontortid:** Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, Peter Jebsensv. 39:

Tlf. 24 23 03.

**Kontortid:** Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30

## **KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

**Redaksjonsnemnd:** Målfrid Sandvik, Helge Eide, Margit Boge, Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Bjørg Hellesøy, Harald Sundsbø.

**Bladpengar:** kr. 25,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

**Frist for innlevering av stoff til nr. 7, 10. sept.**